



Alle foto: Even Øverbø

# INFORMASJONSSKRIV

## FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 1/2021

Årgang 30

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta  
Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset  
e-postadresse: [postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)



Info-skrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkerar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparar porto)! Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Produksjonstilskot 2021 del 1	1
Tilskot til grøfting/drenering av jordbruksareal	1
Investeringsmidlar til tiltak i utmarksbeiteområder	2
Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen (UKL)	2
Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur	3
Skogbruksplan Volda	3
Regionalt miljøprogram (RMP) tal for 2020	4

### Produksjonstilskot 2021 del 1

Produksjonstilskot er ei fellesnemning for fleire statlege tilskotsordningar for føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon.

**Korleis søker?** Mer informasjon om kven som kan søker, rettleiing og søknadsmateriell finn du på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/produksjonstilskudd-og-avlosertilskudd-i-jordbruket>

#### Søknadsfristar:

Det er to søknadsfristar; 15. mars: Søknad for føretak med husdyr, der telledatoen er 1. mars og du kan søker om:

Husdyrt tilskot (unnatak bifolk)  
Tilskot til økologisk husdyrproduksjon

**Alle som har husdyr må sende inn del 1 enten** dyra gjev rett på tilskot eller ikkje, då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i:

- tilskot for avløsing ved ferie og fritid for 2021
- tilskot for grovförareal (areal- og kulturlandskapstilskot)

Desse tilskota søker du om i del 2, med søknadsfrist 15. oktober, men du må ha registrert dyra du disponerer pr. **1. mars** for at desse skal vere med i tilskotsgrunnlaget for dei to tilskotsordningane.



**Fristen 15. oktober** gjeld søknad for både husdyr- og planteprodusentar og tilskot til avløsing ved ferie og fritid.

Etter at ein har levert søknaden innan fristane kan ein endre opplysingane i søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen.

**OBS! Ein kan leve søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen dvs. fram t.o.m. 29. mars/oktober, men då vert tilskotet redusert med kr 1.000 for kvar dag ein går over fristen.**

#### Tilskot til grøfting av jordbruksareal – drenering

Til dreneringstiltak har Volda fått ein pott på kr 250.000 og Ørsta ein pott på kr 200.000.

Tilskotet utgjer inntil kr 2.000 per dekar eller kr 30 per løpemeter ved mindre grøftearbeid, avgrensa til kr 2.000 pr daa berørt areal.

Vilkår:

- Ordninga gjeld dyrka jord som har vore grøfta før.
- Arbeidet må ikkje vere igangsett.
- Plan for grøftinga skal liggje ved søknaden

Kommunen betalar ut tilskotet etter at søker har dokumentert at tiltaket er gjennomført.

Tiltaket må gjennomførast innan 3 år frå då søknaden vart innvilga.



Føremålet med drenering er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta dyrkjord til fordel for både avlingar og miljø. Det vert ikkje gitt støtte ved nydyrkning. Areala skal ha vore grøfta før og vere registrert som dyrka jord. Det er og eit viktig ledd i å tilpasse jordbruksareala til eit endra klima med meir nedbør.

Tilskot til drenering kan ikkje løvvast der tiltaket kan føre til:

- vesentleg skade på andre sin eigedom eller naturmangfaldet
- vesentleg fare for flaum og ureining
- fare for skade på automatisk freda kulturminne

Meir informasjon finn du på Landbruksdirektoratet.  
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-drenering-av-jordbruksjord>

**Søknadane vert handsama etterkvart som dei kjem inn.**

## Investeringsmidlar til tiltak i beiteområder (utmark) 2021

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Kommunane har laga retningslinjer som du finn på heimesida til Ørsta kommune.

Ørsta og Volda har fått kr 160 000 kvar som kan løvvast til gode søknadar.

Søknadsfristen er **1. april**. Beitelaga er prioritert for desse tilskota.

Døme på aktuelle tiltak ein kan få støtte til:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakningsutstyr
- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk

## Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen

UKL-ordninga i Hjørundfjord og Norangsdalen har fått kr 1 160 000 i ramme for 2021.

Føremålet med ordninga *tilskot til tiltak i Utvalde Kulturlandskap* (UKL) er å medverke til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift. Det kan søkjast om tilskot til tiltak innafor UKL-området, som er fjordbygdene langs Hjørundfjorden og i Norangsdalen. Dette kan til dømes vere:

- Skjøtsel og tilbakeføring/restaurering av areal
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak/prosjekt
- Formidling- og informasjonstiltak
- Gjennomføring av arrangement, kurs, fagdag eller liknande
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

**Søknadsfrist er 15. april.** Det er elektronisk søknad på same måte som for SMIL-ordninga, med innlogging via ID-porten/Altinn. Ta kontakt med Jan Endre dersom de ønskjer meir informasjon, eller hjelp til utarbeiding av søknader m.v.

<https://www.orsta.kommune.no/naring/landbruk/ukl-utvalde-kulturlandskap/>

# Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur 2021

Kommunen har vedtatt følgande tilskotssatsar for skogbruket i Ørsta og Volda i 2021.

## Tilskotssatsar veg:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60 % tilskot.
- Traktorveg kl. 7: inntil 40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.

## Tilskotssatsar taubane:

- Taubanedrift furu og lauv: inntil 200 kr/m<sup>3</sup>
- Taubanedrift gran: inntil 140 kr/m<sup>3</sup>.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terrengr. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 400 kr/time.
- Ved treslagsskifte, med førehandsgodkjenning av kommunen, inntil 200 kr/m<sup>3</sup> for hogst av lauv og inntil 150 kr/m<sup>3</sup> for hogst av furu.

## Tilskotssatsar skogkultur:

- Nyplanting: 50 %.
- Planting ved treslagskifte til gran: 70 %.
- Suppleringsplanting: maks 70 %.
- Flaterydding: maks 70 %.
- Ungskogpleie: maks 70 %.
- Grøfting: 40 %.



# Skogbruksplan Volda

## Frist 1.april.

Styringsgruppa som består av Odd Løset (fylkesskogmeister), John Kåre Mo (leiar Volda og Ørsta Skogeigarlag), Anders Bjørkedal (leiar Bjørkedal Skogeigarlag), Arne Svor (leiar Hornindal Skogeigarlag) og Peder Magnussen (skogansvarleg i Volda og Ørsta) samt resten av styret i Volda og Ørsta skogeigarlag kartla i perioden 2018-2020 interessa blant skogeigarane i Volda for ny skogbruksplan i kommunen. Skogbruksplanane i gamle Volda er fra 1992/1993, i Hornindal er planane frå starten av 80-talet, på Bjørke er det ikkje laga planar, mens Bjørkedal har plan frå 2007. Det er derfor behov for nye skogbrukplanar i heile kommunen.

Ein skogbruksplan inneholder:

- Areal
- Hogstklasse
- Bonitet
- Volum per dekar i gjennomsnitt i hogstklasser 3,4 og 5.
- Alder
- Tilvekst i hogstklasser 3, 4 og 5
- Totalt areal fordelt på markslag
- Produktivt skogareal fordelt på treslag, bonitetar og hogstklasser
- Volum fordelt på treslag, bonitetar og hogstklasser i hogstklasse 3, 4 og 5
- Produksjonsevne
- Forslag til hogstkvantum i perioden
- Totalareal av eventuelle MiS-figurar
- Oversikt over miljøregistreringar. Eventuelle nøkkelbiotopar vil bli dokumentert i eigen miljørapport. Dette gjer at skogeigarane tek vare på sårbare, spesielle og sjeldne naturtypar i skogen. Skogeigar får anledning til å gje tilbakemelding på om miljøverdiane godtas eller ikkje før dei innarbeidast i planen.

Kommunen har 141 000 dekar produktiv skog og 788 skogeigarar.

Etter kartlegginga vart det innhenta anbod på oppdraget med å lage nye skogbruksplanar i Volda. Glommen Mjøsen Skog og Allskog kom begge med tilbod. Styringsgruppa ga oppdraget til Allskog.

Prisen på skogbruksplan er 22,6 kroner per dekar (ved 50 % oppslutning) pluss 1 500 kroner i fast kostnad. Dersom oppslutninga vert høgare (60

eller 70 %) så går dekarprisen ned. Prisane er eks. mva. Staten yter eit tilskot på 52 % (ikkje på mva.) Eigenandelen kan dekkast med skogfond for dei som har det.

Priseksempel: skogeigar med 200 dekar produktiv skogareal.

$$200 \times 22,6 + 1\ 500 = 6\ 020 \text{ kroner} + 1\ 505 \text{ (mva).}$$

$$\text{Tilskot: } 6\ 020 \times 0,52 = 3\ 130 \text{ kroner.}$$

Eigenandel: 2 890 + mva. Denne delen kan ev dekkast med skogfondsmidlar. Fordelt på 20 år så er dette ei lita investering.

**Dersom ein skogeigar ikkje vil vere med på dette fellesprosjektet så vil ikkje skogeigar få levert tømmer eller lauvskogvirke før det er tatt ein individuell takst.** Skogeigaren må da sjølv dekke kostnadene får å få ein biolog til å gå igjennom heile skogeigedommen. I fellesprosjektet vil biologane sjå heile kommunen som ein eining.

Skogeigarar som har meldt interesse for skogbruksplan tidligare når kommunen kartla dette må også bestille plan.

Dersom ein treng hjelp med bestillinga ta kontakt med skogansvarleg på tlf. 452 82 680 for å få hjelp til dette.

## Regionalt miljøprogram (RMP) – kva vert det søkt på – tala for 2020:

Mange av dykk søker om tilskot gjennom regionalt miljøprogram (RMP). Om lag 53 % av dei som søker produksjonstilskot søker og om RMP. Tilskotsbeløpa varierer frå kr 1.200 og opp til kr 96.000.

Fordeling på tiltak:	Tal/søknadar:	Mengde:	Sats	Sum utbetalt kr:
Beiting av kystlynghei (Raudøya)	1	23 daa	150 kr	3 450 kr
Drift av bratt areal	140	3910 daa	240 kr	938 400 kr
Drift av seter, levering til meieri	9	4 stk	50 000 kr	160 000 kr
Fangdam	1	1 stk	5 000 kr	5 000 kr
Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel	9	1013 daa	35 kr	35 455 kr

Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminner	14	18 stk	1 000 kr	18 000 kr
Slått av viktig slåttemark, viktig registrert naturtype	1	2 daa	1 000 kr	2 000 kr
Slått av verdifulle jordbrukslandskap (Norangsfj.)	11	1214 daa	125 kr	151 750 kr
Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange	33	3817 daa	68 kr	259 556 kr
Spreiing av husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen	126	19148 daa	55 kr	1 053 140 kr
Tilrettelegging av hekke- og beiteområder for fugl (storspove)	1	2 daa	2 000 kr	4 000 kr
				2 630 751 kr

## Tilsette ved kontoret:

	Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: <a href="mailto:liv-bente.viddal@orsta.kommune.no">liv-bente.viddal@orsta.kommune.no</a> Liv Bente er leiar for kontoret og for seksjonen kultur og landbruk i Ørsta. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.
	Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: <a href="mailto:dorota.wozna@orsta.kommune.no">dorota.wozna@orsta.kommune.no</a> Dorota er sakshandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavloysing, mv.
	Ashild Steinnes Tlf 907 04 501 E-post: <a href="mailto:ashild.steinnes@orsta.kommune.no">ashild.steinnes@orsta.kommune.no</a> Åshild er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, arkiv, landbruksregisteret, møtesekretær, plantevern, mv.
	Jan Endre Nesdal Tlf 902 55 815 E-post: <a href="mailto:jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no">jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no</a> Jan Endre følgjer opp eldre saker frå Hornindal no i starten. Han er sakshandsamar for produksjonstilskot og RMP Hornindal, UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt i Volda, mv.
	Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: <a href="mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no">peder.magnussen@orsta.kommune.no</a> Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda. Han har foreldrepermisjon i 50% fram til ut juni månad.
	Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: <a href="mailto:borild.skara@orsta.kommune.no">borild.skara@orsta.kommune.no</a> Børild er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydrifking, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.

